

Sveio kommune

Finansreglement

(i h.h.t ny finans- og gjeldsforskrift gjeldande frå 1.1.2017)

Innhold

1. Finansreglementets virkeområde.....	3
1.1 Føremålet med reglementet.....	3
1.2 Kven reglementet gjeld for.....	3
2. Heimel og gyldighet.....	3
2.1 Heimel.....	3
2.2 Gyldighet.....	3
3. Forvaltning og forvaltningstypar.....	3
4. Føremålet med kommunen si finans- og gjeldsforvaltning.....	3
5. Generelle rammer og avgrensingar.....	4
6. Forvaltning av ledig likviditet og andre midlar rekna for driftsføremål.....	4
6.1. Innskott i bank.....	5
6.2. Del i rentefond.....	5
6.3. Direkte eige av verdipapir.....	5
7. Forvaltning av kommunens gjeldsportefølje og andre finansieringsavtaler.....	6
7.1. Vedtak om opptak av lån.....	6
7.2. Val av låneinstrument.....	6
7.3. Tidspunkt for låneopptak.....	6
7.4. Konkurrerende tilbud.....	6
7.5. Val av rentebindingsperiode - bruk av sikringsinstrument.....	6
7.6. Størrelse på einsskille lån - spreiring av låneopptak.....	7
8. Forvaltning av kommunens langsiktige finansielle aktiva.....	7
8.1 Rammer.....	7
8.2 Plasseringsinstrument og grenser.....	8
8.3 Rammer for lengda til plasseringa.....	9
8.3 Benchmark (målestokk).....	9
8.4 Gjennomføring.....	9
8.5 Krav til forvaltar.....	9
9. Vurdering og kvalitetssikring av finansiell risiko.....	10
9.1 Rapportering.....	10
9.2 Risikovurderingar.....	10
9.3 Handtering av avvik.....	10
9.4 Kvalitetssikring.....	10

1. Finansreglementets virkeområde

1.1 Føremålet med reglementet

Reglementet skal gje rammer og retningslinjer for kommunen si finans- og gjeldsforvaltning. Reglementet gjer eit samla oversyn over dei rammene og avgrensingane som gjeld. Tilhøyrande fullmaktar/instruksar/rutinar skal verta heimla i reglementet. Reglementet definerer dei avkastnings- og risikonivå som er akseptable for plassering og forvaltning av likvide midlar og midlar rekna til driftsføremål, opptak av lån/gjeldsforvaltning og plassering og forvaltning av langsiktige finansielle aktiva.

1.2 Kven reglementet gjeld for

Reglementet gjeld for Sveio kommune. Reglementet gjeld og for verksemd i kommunale føretak etter kommuneloven kapittel 11 og interkommunalt samarbeid etter kommuneloven § 27.

I den grad desse verksemdene har eigen finans- og gjeldsforvaltning skal denne utøvas i samsvar med dette reglementet, eller i tilfellet med interkommunalt samarbeid, etter eit avtalt finansreglement som er godkjent av kommunestyret.

Kommunens eigarandelar i heil- og deleide aksjeselskap underleggast ikkje dette reglement. Det same gjeld eigarandelar i samband med Haugaland kraft.

2. Heimel og gyldigheit

2.1 Heimel

Dette reglementet er utarbeida på bakgrunn av: Lov om kommunar og fylkeskommunar av 25. september 1992, § 52. Ny forskrift om kommunar og fylkeskommunar sitt finans- og gjeldsforvaltning fastsett av KMD 1. januar 2016(FOR 2016-11-01 nr 11428).

2.2 Gyldigheit

Reglementet trer i kraft frå og med 01.01.2018. Finansreglementet skal vedtakast minst ein gong i kvar kommunestyreperiode. Dette reglementet erstattar alle tidligare reglar og instruksar som kommunestyret eller anna politisk organ har vedtatt for Sveio kommune sin finans- og gjeldsforvaltning.

3. Forvaltning og forvaltningstypar

I samsvar med instruksen i forskrifta om kommunar og fylkeskommunar si finans- og gjeldsforvaltning skal reglementet omfatte forvaltninga av alle kommunen sine finansielle aktiva (plasseringar) og passiva (renteberande gjeld).

Gjennom dette finansreglementet er det vedtatt målsettingar, strategiar og rammer for:

- Forvaltning av ledig likviditet og andre midlar rekna for driftsføremål.
- Forvaltning av kommunens gjeldsportefølje og andre finansieringsavtalar.
- Plassering og forvaltning av kommunens langsiktige finansielle aktiva.

4. Føremålet med kommunen si finans- og gjeldsforvaltning

Finans- og gjeldsforvaltninga har som overordna føremål å sikre ei rimeleg avkastning samt stabile og låge netto finansieringskostnader for kommunen sine aktivitetar innaføre definerte risikorammer.

Dette ynskjer ein å oppnå gjennom følgjande delmål:

- Kommunen skal til ei kvar tid ha likviditet (inkludert trekk mogelegheit) til å dekke laupande forpliktingar.

- Plassert overskottslikviditet skal over tid gje ein god og konkurransedyktig avkastning innanfor definerte krav til likviditet og risiko, kor ein har teke omsyn til tidsperspektiv på plasseringane.
- Lånte midlar skal over tid gi lågast mogeleg total kostnad innanføre definerte krav til refinansieringsrisiko og renterisiko, kor ein har tatt omsyn til behov for føreseielege lånekostnader.
- Forvaltning av langsiktige finansielle aktiva skal gje god langsiktig avkastning til akseptabel og målbar risiko som over tid skal bidra til å gje kommunen sine innbyggjarar et best mogeleg tenestetilbod.

5. Generelle rammer og avgrensingar

Kommunestyret skal sjølv ved fastsetjing av dette finansreglement, ta stilling til kva som er tilfredsstillande avkastning og vesentleg finansielle risiko, jfr. kommunelovens §52. Reglementet skal byggje på kommunens eigen kunnskap om finansielle marknader og instrumenter. Kommunestyret skal ta stilling til prinsipielle spørsmål om finans- og gjeldsforvaltninga, under her kva som skal reknast som langsiktige finansielle aktiva. Rådmannen har ei sjølvstendig plikt til å greia ut og leggja frem saker for kommunestyret som er av prinsipiell art. Rådmannen skal fortlaufande vurdere om dei ulike rammene og avgrensingane i reglementet er egna, og om disse på ein klar og tydeleg måte sikrar at kapitalforvaltninga vert utøvd forsvarleg i høve til dei risikoar kommunen er eksponert for. Det vert tillagt rådmannen å inngå avtalar i tråd med dette reglementet. Det vert tillagt rådmannen med heimel i dette finansreglement, å utarbeida nødvendige fullmaktar/instruksar/rutinar for dei enkelte forvaltningsformer som er i tråd med kommunens overordna økonomireglar.

Finansielle instrument og/eller produkt som ikkje er eksplisitt nemnt lov å nytta gjennom dette reglement, kan ikkje nyttast i kommunen si finans- og gjeldsforvaltning. Kommunen kan i si finans- og gjeldsforvaltning nytte seg av andre finansielle instrumenter, som avleda instrument/derivat. Slike instrument skal vere konkret angitt under dei einskilde forvaltningsformer og må nyttas innanføre risikorammane for underliggjande aktiva eller gjeld og skal inngå ved berekning av finansiell risiko. Plassering av Sveio kommunes midlar i verdipapir, skal skje iht. etiske kriteria. Kriteriene som er valt er dei til ei kvar tid gjeldande for Statens Pensjonsfond Utland. Så langt det er praktisk mogleg skal desse kriteria også gjelde for plasseringar i verdipapirfond.

Konkrete rammer for forvaltning av kommunens midlar til driftsføremål (inkl. ledig likviditet), gjeldsporteføljen og langsiktige finansielle aktiva omtales i fortsettinga kvar for seg.

6. Forvaltning av ledig likviditet og andre midlar rekna for driftsføremål

Kommunens midlar til driftsføremål (under her også ledig likviditet) kan plasserast i bankinnskott, rentefond og renteberande verdipapir med kort løpetid. Alle plasseringar skal gjerast i norske kroner (NOK).

Kommunen kan inngå rammeavtale for å ivareta det laupande behov for banktenester. Ved val av hovudbankforbindelse stilles det krav om minimum kredittrating BBB+ eller tilsvarande kredittvurdering. Det kan gjerast avtale om trekkrettigheit. Kommunens driftslikviditet skal plasserast i kommunens hovudbank, eventuelt supplert med innskott i andre større spare- eller forretningsbankar. Forvaltningskapital skal overstige NOK 2 milliardar, og rating skal minimum være BBB+, og kommunens samla innskot i enkeltbank (med unntak av hovudbankforbindelse) skal ikkje overstige 2 % av institusjonens forvaltningskapital. Driftslikviditet kan maksimalt ha 3 dagars tidsbinding.

Ledig likviditet og andre midlar rekna for driftsføremål, utover kva som trengs til dekning av kommunen sine laupande forpliktingar, trekt frå estimerte innbetalingar, de næraste 3 månadene, kan plasserast etter følgjande retningslinjer:

6.1. Innskott i bank

For bankinnskott gjeld følgjande avgrensingar:

- Tidsbinding kan ikkje avtalast for ein periode på meir enn 6 månader.
- Innskott i norske finansinstitusjonar og utanlandske finansinstitusjonar etablert i Noreg. Finansinstitusjonen skal ha en forvaltningskapital på minimum NOK 1 MRD, rating på minimum BBB+, og kommunens samla innskott i finansinstitusjonen skal ikkje overstige 2 % av institusjonens forvaltningskapital. Avgrensingane gjelder ikkje for flytande innskott hos kommunens hovudbankforbindelse.

6.2. Del i rentefond

For plassering i rentefond klassifisert som pengemarknadsfond m/lav risiko, pengemarknadsfond, obligasjonsfond 0-2 og obligasjonsfond 2-4, jfr Verdipapirfonda sin bransjestandard for informasjon og klassifisering av rentefond innafor følgjande beløpsavgrensingar:

	Pengemarknadsfond m/lav risiko	Penge-marknadsfond	Obligasjonfond 0-2	Obligasjonfond 2-4
Volum*	0-100 %	0-70 %	0-50 %	0-30 %
Maksimal del i fondet	maks 15 % av fondet sin forvaltningskapital (FK)	maks 10 % av fondet sin FK	maks 10 % av fondet sin FK	maks 10 % av fondet sin FK

*Volum av ledig likviditet og andre midlar rekna for driftsføremål, utover kva som trengs til dekning av kommunen sin laupande forpliktingar, trekt frå estimerte innbetalingar, de nærmaste 3 månadene

6.3. Direkte eige av verdipapir

For direkte plassering i renteberande papir gjeld følgjande avgrensingar:

Sertifikat utstedt eller garantert av:	den norske stat/ statsføretak, norske kommunar eller fylkeskommunar	Banker, finansinstitusjonar eller kredittføretak	Norske kraftselskap	Solide norske selskap på Oslo Børs
Tidshorisont	1-12 mnd	1-12 mnd	1-12 mnd	1-12 mnd
Maks del av emisjonsbeløp	inga avgrensing		10 %	10 %
Maks del av forv.kapital	inga avgrensing	5 %		
Kredittkvalitet	inga avgrensing	A- eller betre	BBB eller betre	BBB eller betre
Valuta	NOK	NOK	NOK	NOK
Volum	0-70 %	0-50 %	0-50 %	0-30 %
Avgrensing per utsteder	inga avgrensing	maks 50 millionar for rating A eller lågare, maks 250 millionar for rating A+ eller betre	maks 30 millionar for rating A- eller lågare, maks 100 millionar for rating A eller betre	maks 20 millionar for rating A- eller lågare, maks 50 millionar for rating A+ eller betre

7. Forvaltning av kommunens gjeldsportefølje og andre finansieringsavtaler

7.1. Vedtak om opptak av lån

Kommunestyret fattar vedtak om opptak av nye lån i eige vedtak om årsbudsjett. Slik vedtak skal som minimum angi lånebeløp.

Med utgangspunkt i kommunestyrets vedtak skal det gjennomførast låneopptak, under her godkjenning av lånevilkår, og for annen forvaltning av kommunen sine innlån etter dei retningslinjer som går fram av dette reglementet, og i trå med reglane i Kommunelovens § 50 om låneopptak.

Det kan også tas opp lån til refinansiering av eksisterande gjeld.

7.2. Val av låneinstrument

Det kan berre tas opp lån i norske kroner.

- Lån kan takas opp som direkte lån i offentlege og private finansinstitusjonar, samt i livselskap.
- Det er og lov å legge ut lån i sertifikat- og obligasjonsmarknaden.
- Lån kan takast opp som opne seriar (rammelån) og utan avdrag (bulletlån).
- Finansiering kan og skje gjennom finansiell leasing.

7.3. Tidspunkt for låneopptak

Låneopptak skal vurderast opp mot likviditetsbehov, vedteke investeringsbudsjett, forventningar om framtidig renteutvikling og generelle forhold i marknaden.

7.4. Konkurrerande tilbod

Låneopptak skal søkjas gjennomført til marknaden gunstigaste vilkår. Det skal normalt hentas inn minst 2 konkurrerande tilbod frå aktuelle långjevarar. Det kan gjerast unntak frå denne regelen for situasjonar der kommunen vel å legge ut sertifikat eller obligasjonslån gjennom å gi en tilretteleggjar eit eksklusivt mandat. Prinsippet kan også unnlatas å følgje ved låneopptak i statsbank (til dømes startlån i Husbanken).

7.5. Val av rentebindingsperiode -bruk av sikringsinstrument

Styring av låneporteføljen skal skje ved å optimalisera netto rentebelastning, låneopptak og rentebindingsperiode i forhold til oppfatningar om framtidig renteutvikling og innanfor eit akseptabelt risikonivå gitt eit overordna ønskje om eit forventa resultat og stabilitet i lånekostnader.

Forvaltninga skal leggjast opp i trå med følgjande;

a) Refinansieringsrisikoen skal reduserast ved å spreie tidspunkt for renteregulering/forfall. Lån som forfall og som ikkje skal innløyast innan ein periode på 12 mnd skal ikkje overstige meir enn 70 % av total gjeldsportefølje.

b) Minimum 20 % av netto rentebærande gjeld¹ skal ha flytande rente (rentebinding kortare enn eit år), minimum 30 % skal ha fast rente, mens 50 % skal vurderast ut i frå marknadssituasjonen. Anna gjeld skal hovudsakeleg vera flytande. Lengste rentebindingsperiode er inntil 10 år utan særskilt vedtak i kommunestyret.

¹ Netto rentebærande gjeld er definert som = langsiktig gjeld – lån til VAR området – lån til vidareutlån startlån – lån til vidareutlån andre – lån med rentekompensasjon frå staten

c) Den delen av gjeldsporteføljen som har fast rente, bør delast på ein slik måte at kommunen får lågast mogleg renterisiko. For å optimalisera lågast mogeleg renterisiko skal den delen av låneporteføljen som har fast rente splittast slik at forfallstidspunkta vert spreidd.

For å oppnå ønskja rentebinding, gis det anledning til å ta i bruk framtidige renteavtaler (FRA) og rentebyteavtaler (SWAP). Rentesikringsinstrumenta kan nyttas med det føremål å endra renteeksponeringa for kommunens lånegjeld. Føresetnadar for å gå inn i slike kontraktar skal vera at ei totalvurdering av renteforventningar og risikoprofil på eit gitt tidspunkt, seier at slike endringar er ønskelege.

Det er ikkje lov å lausrive denne derivathandelen frå den andre finans- og gjeldsforvaltninga, og uttrekingar under punkt b) skal inkludere FRA- og SWAP-kontraktar. Intensjonen bak kvar derivatkontrakt skal dokumenterast, og kontraktane skal knytast til underliggende lån eller låneportefølje. Det skal berre nyttast større bankar med brei dokumentert erfaring innanfor dette området som motpart ved såvorne kontraktar.

7.6. Størrelse på einskilde lån - spreining av låneopptak

Forvaltninga vert lagt opp med bakgrunn i følgjande;

- Låneporteføljen skal bestå av færrest mogeleg lån, men likevel slik at refinansieringsrisikoen ved ordinære låneforfall vert lågast mogeleg.
- Eit einskild lån skal ikkje utgjere meir enn 25 % av kommunens samla gjeldsportefølje. Under elles like forhold vil det være føremålstenleg at kommunen fordeler låneopptaka på fleire lånegjevarar.

8. Forvaltning av kommunens langsiktige finansielle aktiva

Plassering av langsiktige finansielle aktiva skal forvaltast fråskilt frå driftslikviditeten. Desse midlane skil seg frå sistnemnde ved at forvaltninga av desse ikkje er utslagsgjevande for tenesteproduksjonen til kommunen på kort sikt. Det er her avkastning på lang sikt som er føremålet, og det er difor naturleg å fokusera mindre på kortsiktige svingingar i marknaden. Ved denne forvaltninga vil derfor kommunen kunne godta noko lågare likviditet i byte mot høgare forventa avkastning på lang sikt. Langsiktig overskotslikviditet har ein investeringshorisont på over 4 år.

8.1 Rammer

Rådmannen har fullmakt til å plassere den langsiktige kapitalen til kommunen etter følgjande retningslinjer:

Aktiva	Minimum	Normal	Maksimum
Eigenkapitalbevis i norske sparebankar	0%	25 %	30%
Obligasjonar	0%	0%	50%
Sertifikat	0%	0%	70%
Rentefond	0%	75 %	100%
Bankinnskot	0%	0 %	100%

Kommunen kan ikkje plassere midlar direkte i ansvarleg lånekapital eller industri-obligasjonar. Kommunestyret kan i eige vedtak gje ansvarleg lån.

8.2 Plasseringsinstrument og grenser

Innskot i bank:

- Innskot på inntil 30 millioner kan plasserast i bank med minimum kredittrating BBB, men berre dersom banken har forvaltningskapital på minimum 10 milliardar.
- Innskot på inntil 70 millioner kan plasserast i bank med minimum kredittrating A
- Innskot på over 70 millioner skal anten plasserast i kommunen sin hovudbank, eller i annan bank med minimum kredittrating AA.
- Bankinnskot skal ha maksimalt 24 månadars tidsbinding

Plassering i rentefond

Plassering i rentefond klassifisert som pengemarknadsfond m/ lav risiko, pengemarknadsfond, obligasjonsfond 0-2 og obligasjonsfond 2-4, jfr. verdipapirfonda sin bransjestandard for informasjon og klassifisering av rentefond innanfor følgjande beløpsavgrensingar:

	Pengemarknadsfond m/lav risiko	Penge-marknadsfond	Obligasjonsfond 0-2	Obligasjonsfond 2-4
Volum*	0-100 %	0-90 %	0-70 %	0-50 %
Maksimal del i fondet	maks 15 % av fondet sin forvaltningskapital (FK)	maks 10 % av fondet sin FK	maks 10 % av fondet sin FK	maks 10 % av fondet sin FK

*Volum av langsiktige finansielle aktiva

Direkte eige av sertifikat og obligasjonar

a) Avgrensingar sertifikat:

Sertifikat utstedt eller garantert av:	Den norske stat/ statsføretak, norske kommunar eller fylkeskommunar	Banker, finans-institusjonar eller kredittføretak	Norske kraft-selskap	Solide norske selskap på Oslo Børs
Tidshorisont	1-12 mnd	1-12 mnd	1-12 mnd	1-12 mnd
Maks del av emisjonsbeløp	inga avgrensing	20 %	10 %	10 %
Maks del av forv.kapital	inga avgrensing	5 %	10 %	10 %
Kredittkvalitet	inga avgrensing	A- eller betre	BBB eller betre	BBB eller betre
Valuta	NOK	NOK	NOK	NOK
Volum	0-70 %	0-50 %	0-50 %	0-30 %
Avgrensing per utsteder	inga avgrensing	maks 50 millioner for rating A eller lågare, maks 250 millioner for rating A+ eller betre	maks 30 millioner for rating A- eller lågare, maks 100 millioner for rating A eller betre	maks 20 millioner for rating A- eller lågare, maks 50 millioner for rating A+ eller betre

b) Avgrensingar obligasjonar:

Obligasjonar utstedt eller garantert av:	Den norske stat/ statsføretak, norske kommunar eller fylkeskommunar	Banker, finans- institusjonar eller kredittføretak	Norske kraft- selskap	Solide norske selskap på Oslo Børs
Tidshorisont	1 – 10 år	1 – 5 år	1 – 5 år	1 – 5 år
Maks del av emisjonsbeløp	inga avgrensing	20 %	10 %	10 %
Maks del av forv.kapital	inga avgrensing	5 %	10 %	10 %
Kredittkvalitet	inga avgrensing	A eller betre	A eller betre	A eller betre
Valuta	NOK	NOK	NOK	NOK
Volum	0-50 %	0-50 %	0-35 %	0-20 %
Avgrensing per utsteder	inga avgrensing	maks 50 millionar for rating A + eller lågare, maks 150 millionar for rating AA- eller betre	maks 20 millionar	maks 10 millionar

Aksjar.

Det skal ikkje gjerast finansielle investeringar i aksjar eller aksjefond.

8.3 Rammer for lengda til plasseringa

Gjennomsnittleg lengde på renteberande plasseringar til kommunen kan ikkje overstiga 5 år.

8.3 Benchmark (målestokk)

Avkastninga på kommunen sine plasseringar skal minimum målast mot 3 månadar Nibor.

8.4 Gjennomføring

Rådmannen har fullmakt gjennom dette reglement til å kunne sette ut heile eller deler av forvaltninga til ekstern forvaltar i samsvar med punkt 8.5

8.5 Krav til forvaltar

Følgjende krav leggas til grunn til en ekstern forvaltar:

- Forvaltar skal inneha nødvendige konsesjonar frå Finanstilsynet og forvaltningskompetanse kva gjeld det løypande arbeid i verdipapir marknaden. Dette inneber god forvaltning i høve til rammeføresetnadar pålagt av myndigheitene og interne rammeføresetnadar i høve til oppdragsgivar.
- Det skal utførast løypande risikokontroll og avkastningsvurderingar som gjenspeglar den risikoprofil som er nedfelt i kommunens investeringsstrategi.
- Forvaltar skal ha eit godt backofficeapparat (oppgjør), med fokus på cash management og sikkerheit.
- Forvaltar skal ha eit godt analysemiljø med god bredde og dybdekompetanse.
- Forvaltningssystemet skal kunne tilpassast den til ei kvar tid gjeldande forvaltningsprofil/investeringsstrategi i høve til:
 - Fleksibel rapportering
 - Regnskapstransaksjoner/kontoavstemming

- Løypande måling av tidsvekta og pengevekta avkastning, standardavvik og durasjon
- Forvaltar skal ha høg fagleg kompetanse innanfor dei instrument som nyttas i verdipapir marknaden.

9. Vurdering og kvalitetssikring av finansiell risiko

9.1 Rapportering

Føremålet med rapporteringa er å informera om finans- og gjeldsforvaltninga sine faktiske resultat og risikoeksponering i høve til fastsette rammer og retningslinjer.

Rådmannen skal i tillegg til årsrapport, rapportera om utviklinga pr tertial. Rapporten skal ihht. Forskriftens § 7 innehalde:

- Beskriving og vurdering av kommunens finansielle risiko
- Nærare beskriving av korleis aktiva og passiva er samansett
- Marknadsverdien for aktiva, både samla og for kvar gruppe av aktiva
- Verdien for passiva, både samla og for kvar gruppe av passiva. I tillegg skal rapportane opplyse om løpetida for passiva, og verdien av lån som forfell og som må refinansierast innan 12 månader.
- Beskriving av vesentlege marknadsendringar og endringar i kommunens finansielle risiko, og ei vurdering av dette. I tillegg skal rapportane innehalde ein beskriving av aktuelle marknadsrenter og kommunens eigne renteføresetnadar.
- Om det har oppstått avvik mellom krava i reglementet og den faktiske forvaltninga, skal dette kome fram i rapportene.

Årsrekneskapen skal innehalda ein detaljert oversikt over ulike plasseringar pr selskap. Denne skal innehalda kostpris, verdijustert pr. 31.12 og urealisert bokført gevinst/tap pr. 31.12.

Ved vesentlege endringar i finansmarknaden, som gjer det nødvendig å foreta store tilpassingar i finans- og gjeldsportefølja, skal formannskapet straks orienteras.

9.2 Risikovurderingar

Det skal til kvar rapportering til kommunestyret gjerast separate risikovurderingar med omsyn til renterisikoen for plasseringar av ledig likviditet og andre midlar rekna for driftsføremål og gjeldsporteføljen sett i samanheng. Vidare skal gjerst vurderingar i høve kommunens "netto" gjeldsbetraktning, som visar kommunens renterisiko angitt i NOK ved 1 % endring i rentekurva.

9.3 Handtering av avvik

Ved konstatering av avvik mellom faktisk forvaltning og finansreglementet sine rammer, skal slikt avvik umiddelbart lukkast. Avviket slik det har framstått, og eventuell økonomisk konsekvens av avviket skal rapporterast til kommunestyret ved framlegging av neste rapport for finans- og gjeldsforvaltninga.

9.4 Kvalitetssikring

Finansforskrifta krev av kommunestyret å la uavhengig kompetanse vurdere om finansreglementet legger rammer for ein finans- og gjeldsforvaltning som er i trå med kommunelovas reglar og reglane i finansforskrifta. I tillegg skal uavhengig kompetanse vurdere rutinar for vurdering og handtering av finansiell risiko, og rutinar for å avdekke avvik frå finansreglementet.

Rådmannen får ansvar for at slike eksterne vurderingar vert innhenta.

Kvalitetssikring av finansreglementet skal finne sted ved kvar endring av reglementet, og før kommunestyret vedtar nytt, endra finansreglement.

Det skal verta rapportert på utført kvalitetssikring av rutinane som del av den rapporten som viser utviklinga gjennom siste kalenderår og status ved utgangen av året.